

LUSTER OPPVEKSTSENTER BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2021-22



Ein god stad å vere, leike og lære.



Luster Kommune



Lov om barnehage §2 pålegg barnehagen å utarbeide ein årsplan. Årsplanen blir laga med utgangspunkt i **Lov om barnehager** og **Rammeplan for Barnehagen** (Kunnskapsdepartementet 2017), og skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i oppvekstsenteret.

Årsplan er eit arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer og grunngir vala til barnehagen. Den er eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen, og gir kommunen, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Årsplanen må sjåast i samanheng med månadsplanane til barnehagen. Desse inneheld meir detaljert informasjon om aktivitetar og opplegg; korleis måla i årsplanen skal bli nådd. Anna relevant informasjon, sånn som t.d. vedtekter, søknadsfristar og betalingsattsar, finn ein på heimesida til Luster kommune.

Vi vil gjerne ha tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer i barnehagen, både ris og ros. På den måten kan vi saman få til den gode barnehagen som vi alle ynskjer at barna skal ha. Vi håper på eit godt samarbeid i året som kjem!

Helsing

Eli M. Hansen Moen

- styrar -

Lena Stai Bolstad

- ass. styrar -

Barnegruppa

Pr. 1. oktober 2021 er det 27 barn i barnehagen, 16 gutar og 11 jenter.

Søtekruse: 17 stk. født i 2016-2018

Løvetann: 10 stk. født i 2019-2020.

Personale

Eli M. H. Moen	styrar	tlf. 959 93 505
Lena Stai Bolstad	assisterande styrar/ dagleg leiar	tlf. 909 29 152
Turid Melheim	pedagogisk leiar	
May Grethe Lerum	pedagogisk leiar	
Hege Solheim	pedagog	
Anita Feet	fagarbeidar	
Evy Alme	assistent	
Hanne Almenningen	assistent	
Solveig Farestveit	assistent	
Hanne Greger	assistent	



Foreldrerepresentantar og Samarbeidsutval (SU)

Samarbeid med barnets heim skal ligge til grunn for verksemda.

Leiar: Malin Skinlo (sit i SU)

Nestleiar: Anne G Kolstad (sit i SU)

Vara: Mona Lisa Hjorthaug og Tore Heggstad

Personale: May Grethe Lerum og Solveig Farestveit

Vara: Hege Solheim og Evy Alme

Rektor/ styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett i SU.



Planleggingsdagar og feriestengd 2021-22

12. november, 3.januar, 27. mai, 11. og 12. august har barnehagen planleggingsdagar. Barnehagen er feriestengd dei siste to vekene i fellesferien, jf. vedtektene §12. Ferie 2022: veke 29 og 30 (18.-31.juli).

Verdigrunnlaget for barnehagen

Viktige verdiar for foreldra (ut frå gruppearbeid på foreldremøte hausten 2020):

- Den gyldne regel
- Folkeskikk: t.d. ta omsyn til andre, vente på tur, høyre etter namnet sitt, dele, høfleg, hyggeleg og snill. Kardemommeloven
- Respekt: for seg sjølv og andre, grenser, naturen.
- Sosial kompetanse: empati, inkludere, dele og samarbeide, sei unnskyld.
- Lokal forankring

KARDEMOMME-LOVEN

Man skal ikke
plage andre
man skal være
grei og snill,
og for øvrig
kan man gjøre
hva man vil.

Bastian
POLITIMESTER

Dagsrytme

7.00	Barnehagen opnar
7.00-8.30	Frukost avdelingsvis
9.15	Leik/ faggrupper/ turdag/ ulike aktivitetar
11.00	Samlingsstund/ bursdagssamling (for dei eldste)
11.30	Lunsj
12.00	Kvilestund/ soving
13.00	Leikegrupper ute
14.00	Fruktmåltid og vatn
16.00	Barnehagen stenger

Leik er den grunnleggande aktiviteten



I barnehagen har vi inga obligatorisk tid, men vi vil gjera merksam på at dei fleste organiserte aktivitetane startar opp **ca. kl. 9.15**. Dersom vi skal ha ein aktivitet som startar opp før kl. 9.15 eller sluttar etter kl. 14.00, så vil det bli informert om det. Ved eventuelle spontane turar set vi opp lapp på ytterdøra om kvar vi er.

Tradisjonar



Stor stas å kjøre mjølk frå grinda og opp

Tradisjonar er ein stor del av det gjennomgåande innhaldet i barnehagen, og vi meiner dei er viktige å føre vidare. For barna er ofte dei små tradisjonane i kvardagen like spennande som dei store festane, og dei ser fram til å bli så stor at det t.d. er deira tur til å vere i ballbingen utan ein vaksen. Før jul er skuleklubben på juletrehogst, vi har ruskedag i slutten av april og sykkeltdag i mai. For fleire tradisjonar sjå s. 9.

Bursdagsfeiring er ein sentral tradisjon som barna har store forventningar til. Denne dagen er det bursdagsbarnet som står i sentrum, og ofte nyt dei det til fulle. Det er viktig at ein får positiv merksemd rundt seg sjølv for den ein er.

Bursdagsbarnet er med og lager krone og me heng opp flagg ute. I samlingsstunda tenner vi lys, syng bursdagssong og sender opp rakettar. Barnet får ha på seg krone og kappe, og har eige bursdagsservise til lunsj. Barnet trer ei ny kule på snora si og skiftar tal. Dei vaksne sin bursdag blir og markert i samling.



Me er på tur (dvs. utanfor grinda) minst ein gong for veka året rundt

Omsorg og lek

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Barnehageloven §1).

«**Omsorg** er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Personalet skal arbeide aktivt for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.» (R-plan 17; s.19)

«De ansatte i barnehagen har faktisk valgt et yrke der jobben er å være glad i alle barna som lever mye av barndommen sin i barnehagen.» (STYD)

«**Leiken** skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barna sin eigen kultur. Barnehagen skal leggje til rette for lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek—åleine og saman med andre.» (R-plan 17; s.20)

Døme på omsorg og lek i Luster barnehage:

- *Barnets beste* skal liggje til grunn for alle handlingar og aktivitetar
- Barna skal møtast på ein open, varm, omsorgsfull og interessert måte
- Alle barn skal trivst og føler seg trygge
- Bli møtt ved levering og henting, sjå den enkelte, rom for alle.
- Dei vaksne deltek i barns lek på ein støttande og utforskande måte
- Fokus på barnas fysiske leikemiljø inne og ute: Strukturere rom, leiker og materiell slik at det inviterer til lek
- Dekkje behovet for ro og kvile med eiga kvilestund etter lunsj
- Bidra til at alle kan få leike med andre, og oppleve vennskap
- Dei vaksne rettleiar barna viss leiken går i stå eller viss dei blir ueinige/uvenner
- Leikegrupper; små grupper gir dei vaksne større oversikt og moglegheit til å vera delaktig og hjelpe til i leiken.
- Leikegrupper, å samle seg om noko, gjerne noko barna er opptekne av (fokus på relasjonsbygginga mellom barna)

Ved å jobbe så tett på barna, klarar me å oppfylle alt Rammeplanen seier at me skal.



Danning og læring

Barnehagen skal gi barnet muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter (Barnehageloven §2, 2. ledd).

Danning: «Gjennom samspel, dialog, lek og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.» (R-plan 17; s.21) Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.



«I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, **lære** og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrighet, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.» (R-plan 17; s.22)

Døme på danning og læring i Luster barnehage:

- Demokrati i praksis; ungane får delta i avgjerdsprosessar, ta eigne val og utvikle felles innhald.
- Personalet synleggjer og verdset barna sine ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet
- Personalet stiller opne spørsmål for å invitere barne inn i utforskande samtalar
- Legg til rette for meningsfulle opplevingar, gir ros og oppmuntring som støttar identitetsutvikling og positiv sjølvforståing
- Vanleg folkaskikk som t.d. å ta omsyn til andre, vente på tur, hyggeleg og snill
- Varierte tema gjennom året som utvider barna sine erfaringar og sørgjer for progresjon og utvikling
- «Ser» og kjenner barna, og støtter deira behov for læring i ulike situasjonar
- Me vil skape mulegheiter for barns eigne danningprosessar der kvart enkelt barn får mulegheit til å bli kjent med seg sjølv, sin eigen personligdom og emosjonelle kapasitet
- Gå undrande inn i nye opplevingar, situasjonar og erfaringar saman med barna
- La barna tenkje sjølv, tenkje saman, gjere sjølv og gjere saman, klare sjølv og klare saman.



Barn sin medverknad

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan gi uttrykk for kva dei synst om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §1 og 3, Grunnlova §194 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr 1. Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i Barnehagen.» (R-plan 17; s.27)

Barnehagen skal vere bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synst om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.

Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Døme på medverknad i Luster barnehage:

- Barna har rett til å gi uttrykk for sin meining i alle forhold som vedkjem barnet , uavhengig av kommunikasjonsevner
- Gje barna val i kvardagen t.d. turmål, ute-/inneleik, val av aktivitet og leik
- Hjelpar (Søtekruse)
- Ordensvakta er med å bestemmer litt i løpet av dagen. «Klare sjølv»
- Gje barna tid og rom til å "klare sjølv," bli sjølvstendig
- Prøve å følgje opp innspel frå barna i kvardagen og i arbeid med tema



«Klare saman»

Leik: einkvar oppførsel, aktivitet eller prosess satt i gang, styrt og strukturert av barna sjølv (barnekonvensjonen §31)

Dei 7 fagområda

Rammeplanen for barnehagen gjev oss 7 fagområdar som vi skal jobbe med. Dei speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Dei 7 fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Fagområda skal sjåast i samanheng, og skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Vi skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Leiken dannar grunnlaget for arbeidet. Gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar skal vi utvikle kunnskap og ferdigheter innanfor alle fagområda. Barna sin rett til medverknad skal varetakast.

Arbeidet med fagområda må tilpassast alderen og interessene til barna, gruppesamansetjinga og andre føresetnader. Lærestoffet, arbeidsmåtane, utstyret og organiseringa må leggjast til rette ut frå barn sine ulike behov. Alle skal få høve til å møte utfordringar som svarar til det utviklingsnivået dei er på (progresjon). Leiken er den viktigaste arenaen for utvikling og læring.



Tema: brann

Vi har laga oss ein temaplan som utgangspunkt for arbeidet, sjå s. 9. Vi ynskjer å jobbe prosjektorientert, og vil utvikle kvart tema saman med barn og foreldre.



*Tema: Sosial kompetanse/ vennskap
Lære å leike saman*

	TEMA	TRADISJONAR
AUG	Tilvenning Brann Oppstart: mini-røris og turar i nærmiljøet	Planleggingsdagar 12.-13.08 Hausttur blå gr. 26.08 Brannøving 27.08
SEPT	Sosial kompetanse/ vennskap	Foreldremøte 09.09 FAU og SU møte 30.09
OKT	Haust Forut	5. kl. lesegruppe Foreldresamtalar (okt.+ nov.)
NOV	Forut Advent og jul	Forut-arr. 11.11, planleggingsdag 12.11 Hogge juletre, blå gr. Tenne julegrana 25.11 Hestaskår blå gr. 25.11,
DES	Advent og jul	Julefest 07.12, På leit etter nissen 10.12, Lucia 13.12, Julelunsj 15.12, Juleverkstad 16.12, Barnegudsteneste 20.12, Julegraut 21.12
JAN	Eventyr/ språk Vinter	Planleggingsdag 3.1
FEB	Eventyr/ språk Vinter	Ski/ akedag
MARS	Rolleleik Påske	Barnehagedagen 15.03 Kyrkjebesøk 2016 og 2019 Besøk av presten
APRIL	Leikemiljø ute Vår	Påskekos 6.4 Frivillig foreldresamtalar Overgangssamtalar Ruskedag 29.04
MAI	Vår 17. mai	Sykkeldag Planleggingsdag

Overordna heile året: den frie leiken og barnets best i fokus

Overordna planar og skjema

Søknad om redusert foreldrebetaling

Alle kan søkje om redusert foreldrebetaling/ gratis kjernetid i barnehagen. Søknadsskjema og regler finn ein på www.luster.kommune.no. Det er **samla** årsinntekt i husstanden som avgjer om ein har rett til redusert foreldrebetaling (kr 592.167,- eller under) eller gratis kjernetid for 2-5-åringane (kr. 583.650,- eller under).

Søknad om endring/oppseiing

Søknadsfristen er **1.februar** for endring av tildelt barnehageplass. Det same gjeld hovudopptak for komande barnehageår. Endringa vil ha verknad frå 15.august.

Føresette kan seie opp tildelt barnehageplass med to månaders skriftleg varsel frå den 1. i kvar måned til styrar eller gjennom det elektroniske søknadssystemet.

Språkplan

Hausten 2019 fekk med ein ny språkplan for barnehagane og skulane i Luster kommune. Den skal gje ei retning for språkopplæringa.

Mål: at alle barn og unge i Luster gjennom eit heilskapleg og samanhengande opplæringsløp frå barnehage og i grunnskulen skal utvikla god språkleg kompetanse som gjer dei rusta til å meistre kvardagen i barnehage- og skulealder og til å delta i yrkes- og samfunnslivet som aktive borgarar når dei vert vaksne.

Gjennom barnehageåret vil vi:

- Ha bøker og andre tekstar, skrivereiskap, tastatur og papir| lett tilgjengeleg for borna
- Prioritere barnebøker på nynorsk
- Vidareutvikle mini-utlån i barnehagen
- Syte for at alle barn jamleg vert lesne for
- Jobbe med metoden dialogisk lesing
- Ha ulike lesegrupper, t.d. 5. kl. kjem og les i barnehagen
- Synleggjere skrift og la skrift inngå som ein naturleg del av leik og aktivitet
- Ha eit variert leikemiljø som stimulerer til bruk av språket



Utviklingsplan for Luster oppvekstsenter 2021-22

Utviklingsområde for barnehage:

- Psykisk helsefremmande barnehage (sjå side 11)
- Re-komp prosjekt (sjå side 12)

Felles for barnehage og skule:

- Livsmeistring – robuste barn og unge (sjå side 11)



Gjennomgående innhald

Psykisk helsefremmande barnehagar

Luster kommune har eit samarbeid med STYD kommunikasjon og Line Melvold om å vere pilotbarnehagar i prosjektet «Psykisk helsefremmande barnehagar.»

- Barnet sitt beste, og barnet sine rettar er alltid i førarsete
- Me fortset jobben med å vidareutvikle det fysiske leikemiljø vårt ute og inne
- Barnehagane får eit digitalt system, ei handbok, for systematisk jobbing med psykisk helse
- Dei tilsette har fått, og vil få, fleire kurs og fagleg påfyll
- Nye fokusområder i år er livsmeistring og foreldresamarbeid



Me vil jobbe for å skape psykisk helsefremmande miljø prega av omsorg, stabilitet, engasjement, balanse mellom aktivitet og ro, tid, tillit og vere tilstades.

COS

COS står for Circle of security (tryggleiksirkelen) og er eit program som handlar om relasjon og samspel mellom barn og vaksne. Modellen er effektiv for å hjelpe vaksne til å forstå og tyde signal frå barnet samt korleis ein kan respondere på ein god måte. Målet er at barnet skal få hjelp til å kjenna seg trygg, få betre sjølvkjensle og sjølvtilitt. På den måten kan barnet stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet.


Luster kommune legg opp til fleire kurs i året.

Kursa går over 8 kveldar à 1-2 timar og er gratis.

Ynskjer du å delta på kurs:

ta kontakt med helsestasjon

To av personalet i Luster barnehage er COS sertifisert. Me bruker tid på ulike møter til å kurse alle i personalet i tryggleikssirkelen og metodikken.



Livsmeistring – robuste barn

Samarbeid mellom Sogndal og Luster kommune over 5 år (2020-25).

Prosjektide: å gjere barn og unge rusta til å takle medgang og motgang i livet.

Målsetting:

- Lage eit heilskapleg og systematisk løp for livsmeistring i barnehage – grunnskule i samarbeid med helsestasjon
- Gi barn og unge i Sogndal- og Luster kommune kompetanse, dugleik og verktøy til å kunne utvikle ei god og robust psykisk helse
- Utvikle og implementere ein plan for systematisk foreldresamarbeid i barnehage og skule, og for samhandling mellom føresette

Inkluderande barnehagemiljø (Sosial kompetanse/ vennskap)

Målet er at alle barn i barnehagen skal oppleve godt psykososialt miljø der alle blir respektert, møtt med tillit, kjenner seg likt og opplever glede og trivsel.

Me bruker ulike verktøy for å jobbe mot målet:

Kule krabatar leiker er sosial dugleikstrening og tilrettelagt leikaktivitet for barn frå 3-5 år.

Programmet går over 6 veker, og fokuset er å vere ein god venn for andre, samt korleis ta kontakt og få venner. Først 10-20 min samtale, deretter leikprega utprøving. Vi vil gjennomføre programmet med 2016 og 2017 kullet i haust.



Me gjennomfører barnesamtale me dei 3 eldste kulla kvar haust, før foreldresamtalane, og på våren ved behov. Da får barn høve til å uttale seg om trivsel, vennskap og utfordringar. I tillegg kartlegg me barnehagemiljøet gjennom verktøyet vennebussen. Her bruker ein bilete av alle barna og ein buss. Barnet set seg sjølv i førarsete, og skal plukke ut 3 andre som det vil ha med seg på bussturen. Er det nokre barn som blir valt få gonger eller ikkje blir vald, må me ta tak i det.

Re-komp prosjekt

Me har fått tilført midlar til barnehagen gjennom ein regional kompetanseordning for barnehagar. Me skal gjennomføre eit utviklingsarbeid som involverer heile personalet, og er i samarbeid med relevante kompetansmiljø. Vårt satsingsområde er eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning. Dette kan knytast opp mot satsinga vår på inkluderande leikemiljø og psykisk helsefremjande barnehagar. Me vil trekke inn foreldremedverknad, at føresette opplever å bli høyrd og at dei får god nok informasjon om det me gjere. Prosjektperioden er på 2 år.

Skuleklubben:

Dei som går siste året i barnehagen, blå gruppe, har skuleklubb ein gong i veka. Her jobbar vi med konsentrasjon, uthald og omgrepstrening. Vi vil drive med aktivitetar som t.d. skrivedans, rolleleik, temaarbeid, bake, IKT, teikne og skrive, samt aktivitetar med skulen minst ein gong kvar månad.



Skrivedans



«Bokstaven min»

Friluftsliv/ motorikk

Variert fysisk aktivitet både ute og inne har sær mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppskontroll. Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêt. Den stimulerer fantasien og spørjelysta hjå barna, og tilfredsstillar trongen til å røra på seg. På tur kan vi fylgje med på dei endringane som skjer i naturen gjennom året, vi kan leike, eta maten vår og gå på oppdagingsferd.



Begge avdelingane har stort sett ein turdag kvar veke. Vi kan gå med alle eller dele gruppa. Lengda på turen vil og variere etter vær, turmål etc., men vi skal utanfor grinda. Turdagane vil rullera, føl med på månadsplanen! Vi prøver og å ta spontane turar i nærmiljøet. På nokre turar køyrer vi buss eller bil. Vi bruker gymsalen mykje, særleg om vinteren.

Mini-Røris

Mini-røris er kjekk trening til musikk for barn mellom 3-6 år. Det er moro, enkelt og variert. Det er oppdelt i fem deler; start, leik på golvet, opp og hopp, nedtrapping og kvile. Me har mini-røris jamleg, både ute og inne.



ACT NOW

ACT NOW står for Active Learning Norwegian Preschool(er)s. Målet er å undersøke korleis barnehagen kan fremme fysisk aktivitet og stimulerer barna si utvikling, helse, læring og trivsel. Prosjektet vert gjennomført i barnehagar i Sogn 2020-22, og det er barn født i 2015, 2016 og 2017 som kan delta. Barnehagen vert trekt til å delta i kompetanseutvikling knytt til fysisk aktivitet eller i ei kontrollgruppe. Barn og personale må gå med aktivitetsmålar i 3 x 1 veke og fylle ut spørjeskjema.

*Ut på tur,
aldri sur ☺*



Dokumentasjon og vurdering

Pedagogisk dokumentasjon

«**Dokumentasjon** av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal derfor liggje til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn» (R-plan 17; s.39)

Døme på dokumentasjon i Luster barnehage:

- Årsplan
- Månadsplan
- Barna sine produkt (teikning, formingsprodukt, munnlege forteljingar)
- Kort dagsrapport på tavla i garderoben
- Bilete frå turar, aktivitetar og kvardagslivet
- Jamleg nyhendeoppdatering i Visma flyt barnehage
- Minnepermen: teikningar og ulike ting frå barna si barnehagetid blir samla i ein perm som barna får med seg når dei sluttar



Tre som viser årstidene

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Formålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd men barnekonvensjonen, barnehagelova og rammeplan. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

Vurderingsarbeidet skal byggje på pedagogiske refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i, og vidare planlegging og gjennomføring *kan* byggje på vurderingane. Ved å inkludere faglege og etiske problemstillingar i vurderinga, kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd. (R-plan 17; s.38-39)

Kven og korleis:

Foreldra: tilbakemeldingar på foreldresamtalar og foreldremøte, brukarundersøkingar og den daglege kontakten.

Barna: venebussen og barnesamtalar, observasjon, barn-vaksen relasjonen.

Personalet: fortløpande observasjon og vurdering av trivsel og allsidig utvikling, daglege tilbakemeldingar til føresette, felles refleksjonar på personalmøte og planleggingsdagar, observasjonar, praksisforteljingar, medarbeidarsamtalar.

Samarbeid

Tilvenning av nye barn

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.» (R-plan 17; s.33) På våren har vi ein besøksdag for nye barn og Foreldre. Da får dei sjå seg rundt i barnehagen og vi utveksle Informasjon om barnet og barnehagen. Barnehagen sender informasjonsbrev til heimen i god tid før oppstart der vi bl.a. informerer om barnehagen, personale, rutinar og opplegget dei fyrste dagane. Vi legg opp til tre korte dagar med tilvenjing der foreldra er med heile dagen eller er tilgjengelege på kort varsel. Da legg vi vekt på å bli kjent, tilpasse rutinar, etablere relasjonar mellom personale-barn/ foreldre og barn-barn, og at barnet skal føle at det er trygt å leike, utforske og lære. Alle er velkomne til å koma på besøk før dei byrjar.

Internt ved Luster oppvekstsenter

Personale har i fellesskap laga ein plan over aktivitetar vi vil samarbeide om i løpet av året; t.d. morgonsamlingar kvar 14.dag, adventsamlingar, julefest, juleverkstad, julegraut, julegudsteneste, fellesturar, skidag, sykkeldag, ruskedag, 5.kl. les i barnehagen, sommarfest. Skuleungane kjem ofte og leikar i barnehagen når vi er ute, noko som er positivt for små og store. Personalet har felles pauserom, foreldremøter, tre felles personalmøter, samt noko av planleggingsdagane er felles. Det er litt usikkerheit rundt nokon arrangement i år på grunn av Covid-19.

Overgang barnehage - skule



Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt SFO. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, høve til å gle seg til å begynne på skulen og

Fuglesteg 26.08.21 oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

Luster kommune har ein eigen plan for overgangen barnehage skule som vi følgjer. Den ligg på heimesida til kommunen. I løpet av våren har vi ein foreldresamtale der vi går igjennom eit eige skjema i forhold til overgangen. Ingen opplysningar blir gitt utan foreldra sitt samtykke. I tillegg til førskule-dagane på våren, samarbeider 1.-2. klasse og blå gruppe om minst ein aktivitet kvar månad. Det kan vera t.d. å besøke kvarandre, felles turar, skidag, juleverkstad osv.

Andre samarbeidspartar

Vi samarbeider med andre hjelpeinstansar ved behov: PPT, BUP, Sogn barnevern, helsestasjonen, fysioterapeut andre skular og barnehagar. Vi har HSP team (helse, sosial og psykisk helse) tre gongar i året der vi kan ta opp ulike tema og enkeltbarn. Ved samarbeid må ein sjølvstøtt følgje føresegnene om teie- og opplysningsplikt.



Luster oppvekstsenter
Lustravegen 3300 B,
6872 Luster

57 68 59 35 avd. barnehage
lana.stai.bolstad@luster.kommune.no

57 68 59 20 oppvekstsenter
eli.merete.moen@luster.kommune.no

www.luster.kommune.no